

SAMANLIKNING

millom ulike mengder fosforsyre og kaligjødsel fyrste året på nydyrka grasmyr, og prøvning av etterverk- naden av desse, og korleis har ulik sterk kvævegjødsling verka fyrste året og dei 8 etterfylgjande år?

Ved myrkonsulent *Hans Hagerup*.

(Forts. fra nr. 3.)

(Sluttes.)

Jamføring av tilført og burtført plantenæring. (Tab. 13.)

Utrekningane er utførde på grunnlag av avlingane og det prosent- iske innhaldet av N. P. og K. dei enkelte år. For dei år det vantar analyse er medelpct. brukt ved utrekninga.

I *a*-rekkja er ikkje tilført mineralgjødsel frå 1917, men kvart år tilført 2,6 kg. *kvæve*; tils. frå 1916 til 1922 17,1 kg. *kvæve*; undantak herifrå er gj. XII som ikkje har fått noko *kvæve* og XIII som har fått dobbel mengd — 34,2 kg.

I 1916 har byggavlingen burtført langt meire *kvæve* enn det som er tilført. Myrjorda har alt fyrste år gjeve stor *kvævemengd* til av- lingen, noko som gjødsling XII viser.

Tilføring av *kvæve* har som tidlegare omtala auka avlingen mu- nalog fyrste året. Fylgjer ein *a*-rekkja kvart året etter 1916, viser det seg at det tilførte *kvæve* ikkje er nytta; for alle gjødslingar er burtført mindre enn tilført. Det har ikkje vore so mykje tilgjengeleg fosforsyra og kali at det har vorte avling til å nytta ut *kvævet*.

I *b*-rekkja er det annorleis. Her har avlingen etter alle gjøds- lingar burtført meir *kvæve* enn tilført; mengda som er burtført svin- gar noko med avlingsstorleiken, men *kvævet* må segjast vera godt nytta, og avlingane har auka med stigande mengd *kvæve*. Eit utdrag av tabellen for *a*- og *b*-rekkja viser fylgjande:

	Tilført 1916—22	Avling kg. pr. da. og år		Burtført <i>kvæve</i>	
		a	b	a	b
XII.	0,0	200	289	12,38	14,71
IV.	17,1	253	530	14,43	27,21
XIII.	34,2	275	648	18,14	38,00

Denne samanstilling viser kor dårleg *kvævegjødsel* er utnytta ved den einsidige *kvævegjødslinga* (a). Det *prosentiske* *kvæveinn-* haldet i avlingen var like høgt eller høgare i denne rekkja enn i *b*, men skort på tilgjengeleg mineralnæring gjorde at avlingsauken vart

liten med kvævegjødslinga; mot i *b*-rekkja, der avlingen etter måten er stor og det absolute kvæveinnhaldet er omlag dubbelt so stort for gj. nr. IV og XIII mot samme nr. i *a*-rekkja.

Kvævet kann ikkje bindast (absorberast) i jorda, difor kann ein heller ikkje venta nokon etterverknad av det.

Av fosforsyra er i *a*-rekkja tilført 10 kg. pr. da. 1. året, og stigande mengder for gj. I—V. I *b*-rekkja er fyrste året tilført likt med *a*, men åra seinare er til alle gj. nr. tilført i medeltal 3,6 kg. fosforsyra pr. da., minst i 1922 med 2,9 kg. og mest i 1930 med 4,3 kg. I alt er i desse åra tilført 31,6 kg. fosforsyra for gj. nr. utanom dei ulike fosforsyremengdene, der er det frå 24,1 til 36,6 kg. tilført.

Fyrste året er tidlegare omtala; det er svært små mengder som då er burtført. Det same er tilfellet alle åra i *a*-rekkja. Det har vore ei dårleg utnytting av den gjevne fosforsyra. I *b*-rekkja er det noko betre utnytting, trass i at det her er gjødsla kvart året. Reknar vi ut i pct. kor mykje som er nytta i båe desse rekkjor fær ein fylgjande tal for gj. I til V:

Burtført fosforsyra i pct. av tilført 1916—22.

		a	b
Gj. I.	25	37
» II.	22	36
» III.	25	35
» IV.	35	36
» V.	28	32
		Medel	27 %
			35 %

Som det her går fram er det i *a*-rekkja i medeltal nytta 27 % av den tilførde fosforsyra og i *b*-rekkja 35 %. Utnyttinga er langt betre der det er årleg gjødsla med fosforsyra og kali, enn der fosforsyra og kali berre er gjeve fyrste år og seinare prøvd etterverknaden direkte med berre salpetergjødsling.

Det er fleire gonger framhalde at på grasmyr — Mæresmyra — er fosforsyra lite utsett for å verta vaska ut. *Kjemikar O. Brådlie* ved Statens kjemiske kontrollstasjon, Trondheim, har ved sine etterrøkjingar på Mæresmyra stadfesta dette.*) Han kom for fosforsyra sitt vedkomande til ei utvasking pr. år og da. på 0,005 kg., eller praktisk set vert inkje utvaska. Det som ikkje plantane tek op, vert verande i jorda, og denne må verta absolut rikare og rikare på fosforsyra for kvart året. Men som *a*-rekkja viser må fosforsyra ha gått over i tungt tilgjengeleg form. Den fosforsyra i superfosfat som kvart år er tilført i *b*-rekkja har for det fyrste verka ved at ho er lettlyseleg og plantane har kunna nytta henne ganske raskt om våren og somma-

*) «Undersøkelser over drenvann frå lerjord og myrjord». Tidsskrift f. d. n. landbruk 1930, hefte 10.

ran, og for det andre ved si mengd. I fylgje våre analysor av myrjorda på Mæresmyra, viser det seg å vera like mykje jernoksyd og leirjord (alluminiumsoksyd) som kalk. Fosforsyra i superfosfat, som er vassløyseleg, vil i jorda lett binda seg me jarn-alluminium eller meire kalk, og soleis verta *hindra* for å vaskast vekk med regn og gå i greftvatn; men samtidig vert ho tyngre tilgjengeleg for plantane. Det er etter det som er omtala, ganske rimelegt at ein del av fosforsyra vil binda seg til jarn og alluminium til *jarnfosfat* og *alluminiumsfosfat*, som er lite eller inkje tilgjengelegt for plantane. Men på kalkrik myr, sjølv om reaksjonen er sur, er det vel trulegt at fosforsyra for ein del vert bundi til kalk — tribasisk fosforsur kalk, som og er tungt tilgjengeleg for plantane, men som ialfall litt etter litt skulde verta tilgjengeleg ved innverknad av kolsyreholdigt vatn m. v. Her reiser seg det spursmålet om superfosfat er heldigt å bruka ved forråds-gjødslingar, nettop på grunn av det som er framhalde. Det vil kanskje visa seg å vera rettare å bruka tyngre løyselege fosfater, gjerne finmale råfosfat til forråds-gjødsling, og superfosfat som ein kveik til å få planteveksten raskare igang.

For at fosforsyra i jorda kann verta tilgjengeleg, har og dei biologiske tilhøve mykje å segja. Nitrifikasjonen har innverknad på å gjera fosforsyra meire mobil. I godt molda myr vil fosforsyra lettare kunna løysast, og det same viser seg å vera tilfelle ved kvævegjødsling. Planten vert ikkje prosentisk rikare på fosforsyra, men med auka avling vil meire fosforsyra verta teke frå jorda. Etter dei ulike kvævemengder er i medeltal burtført fosforsyra i pct. av den tilførde, i rekkja *a* og *b*.

	<i>a</i>	<i>b</i>	
XII utan kvæve	28 %	21 %	fosforsyra burtført
IV 20 kg. salpeter	36 %	36 %	—>—
XIII 40 » »	40 %	44 %	—>—

Det er betre utnytting av fosforsyra med stigande kvævemengd, og dete kann som sagt koma av at salpetersyra varkar løysande på fosforsyra; men og noko av at plantane fær kraftigare vekst og dermed auka verksemd i røtene.

Av det som er framhalde forstår ein at fosforsyra er lite mobil i jorda, og store mengder som vert brukt av superfosfat vert ikkje utnytta so godt som mindre mengder. Ved den årlege fosfatgjødslinga vil alltid ein del av fosforsyra verta att i jorda same kor lite som vert tilført, og jorda må verta rikare om senn på dette emne, då sværande lite vert utvaska; men det som soleis vert att i jorda vert tyngre løyselegt. Dette siste gjeld dei lettlyselege fosfotslag, ikke dei som frå fyrsten er tungt løyselege. Etter dei ulike kvævemengder i *b*-rekkja er det på dei rutone som ikke fekk kvæve, 79 % og der det er bruka 40 kg. salpeter, 56 % fosforsyra att i jorda av den mengda som er brukt i desse åra — 31,6 kg —, eller ei mengd som svarar til ca.

25 og 18 kg. fosforsyra, som er bundi i jorda i tyngre løyselege bindingar.

Av *kali* er fyrste året tilført 10 kg. pr. da. i *a*- og *b*-rekkja nr. I til V og XII og XIII og stigande mengder for gj. VI og IX. I 1917—22 er tilført i alt 47,6 kg. *kali*, dertil tillegg for fyrste året. For dei nr. som er likt gjødsla med kali vert i medeltal pr. år 8,2 kg. pr. da.

I *a*-rekkja er det gjennom alle åra burtført meire kali enn tilført fyrste året; det er heilt utnytta og attåt brukt av myrjordskaliet, undanteke her er for dei 2 minste mengder fosforsyra. Der det inkje kali er brukt (X) har avlingen teke av myrjorda 7,77 kg. kali. Det rimelege er vel det at kaliet som er tilført i gjødsla er opbrukt dei fyrste åra, og noko av det er vel og utvaska, då det ikkje vert sterkt bunde, og at planteveksten i dei seinare åra har tært på myrjordskaliet. Vi ser ogso her at det trengs langt meire kali enn fosforsyra, men og at kaliet er langt meire mobilt enn fosforsyra. Kaliet har visstnok vore minimumsfaktoren i *a*-rekkja, men berre dei siste åra; kalk kann vel i nokon grad tre i staden for kali og spara på det.

Med den årlege gjødslinga av kali — *b*-rekkja — er det burtført ganske store mengder med avlingen, men ein del er utvaska. Kaliet har ganske lett for å verta vaska ut. Etter nemnde arbeid av O. Brådlie, var det året 1928—29 utvaska pr. da. på Mæresmyra 3,69 kg. *kali*; då dette år var regnrikt, har utvaskinga då vore større enn vanleg. Det er soleis ikkje små mengder kali som kann verta utvaska; noko skriv seg vel frå myrjordskaliet og noko frå gjødsling.

Etter stigande kalimengder fyrste året og seinare eins kaligjødsling er det i desse åra burtført fylgjande kalimengder i pct. av tilført:

X	Utan kali 1916.	72	pct.	kali burtført (1917—22)
VI		84	»	»
VII		75	»	»
VIII		77	»	»
IV		78	»	»
IX		68	»	»

Medeltal 76 pct.

76 % eller omlag $\frac{3}{4}$ av det tilførde kaliet er burtført i avlingen i medeltal for ovannemnde gj. nr. Kvævetilgangen eller kvævegjødslinga har mykje å segja for kor mykje kali som vert utnytta. For dei ulike kvævemengder har avlingen burtført kali som tilsvarer fylgjande procenttal i høve til tilført i *b*-rekkja:

Utan kvæve	44	%	burtført kali med avlingen
Minste salpetermengd	78	»	—»—
Største	—»—	89	»	—»—

Med største kvævemengd er nytta mest av tilført kali, og avlingen har stige med kvævegjødslinga. I dei siste åra har det imidlertid

ikkje vore nokon avlingsauke for største kvævemengda, og vi ser at optakinga av kali i avlingen jamnar seg ut millom kvævemengdene, det same var og tilfellet med fosforsyra. Dette stadfester på nytt kor turvande kvævegjødslinga er for å få utnytta mineralnærings- emna i gjødsla, so lenge avlingen aukar med kvævegjødsling. Når myrjorda vert betre molda, vil ei betre utnytting av fosforsyra og kali fylgja med moldinga.

Korleis har gjødslinga lønt seg?

Ved utrekningane av lønsemda er brukt 1931 sine prisar på kunst- gjødsel med tillegg av frakt frå Trondheim til Mære (ca. 100 km. jarn- veg). Jarnvegsfrakta i 10-tonns vognar stiller seg slik for dei tri van- lege kunstgjødselslag i øre pr. 100 kg.:

	100 km.	200 km.	300 km.
Kalksalpeter og kalisalt	61	81	92
Superfosfat	53	73	85

Prisen på kunstgjødsla (Felleskjøpet, Trondheim) pr. 100 kg. plus tillagt frakt til Mære er i 1931 slik:

Kalksalpeter:	Kr. 17.50 + frakt kr. 0.61 =	kr. 18.11, eller 116.8 ø. pr. pct.
40 % kalisalt:	» 13.45 + » » 0.61 =	» 14.06, eller 35.2 ø. pr. pct.
Superfosfat 18 %:	» 5.70 + » » 0.53 =	» 6.23, eller 34.6 ø. pr. pct.

Frakttillegget utgjer 5 % for salpeter, 6 % for kalisalt og 13 % for superfosfat.

Produktene er rekna til fylgjande prisar:

Byggkorn	12 øre pr. kg.
Halm	2 —»—
Høy	4 —»—

Dette er svært små prisar, men det er prisane f. t. i Trøndelagen på høy og halm.

Lønsemda 1. året i fosforsyrerekkja:

Fosforsyra pr. dekar . . .	2,5 kg.	5 kg.	7,5 kg	10 kg.	15 kg.
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.
Verd av korn- og halm- avling	20.06	23.14	23.90	23.16	21.52
Fosfatgjødslinga kostar . .	0.87	1.73	2.63	3.46	5.19
Overskot	19.19	21.41	21.27	19.70	16.33
Større (+) eller mindre (-) overskot enn 2,5 kg. fosforsyra	—	+ 2.22	+ 2.08	+ 0.51	- 2.86

Her er rekna med heile avlingen, då utan fosforsyra ingen avling gav. Overskotet har soleis vorte noko stort, men so skal kostnaden av den andre gjødsel og andre utgifter dekkjast av dette. Trekkjer ein overskotet for 2,5 kg. fosforsyra frå overskotet frå dei andre, dei eigenlege forråds-gjødslingane, skulde ein få fram korleis dei har lønt seg fyrste året. 5 kg. fosforsyra har stilt seg best i dette høve, og lønsemda går nedover for dei største mengdene slik at 15 kg. står mykje dårlegare enn 2,5 kg. Imidlertid må vi hugsa på at avlingane var små dette året.

Forråds-gjødslinga skulde ikkje berre ha verd for fyrste års avling, men og for etterfylgjande år. Her er utrekna korleis dei ymse forråds-gjødslingar har stilt seg økonomisk i etterverknadsåra, ved årleg gjødsling med alle tri gjødselslag.

b-rekkja:

Kg. fosforsyra pr. da 1916 . . .	Utan fosforsyra	2,5	5,0	7,5	10,0	15,0
Sum høyavling i kg. 1917—24 ved årleg gjødsling med fosforsyre, kali og kvæve	3830	+ 361	+ 576	+ 596	+ 678	+ 528
Verdet av meiravlinga] . . . kr.	—	14.44	23.04	23.84	27.12	21.12
Meirverd etter forråds-gjødslinga kr.	—	—	+ 8.60	+ 9.40	+ 12.68	+ 6.68
Overskot fyrste år »	—	—	+ 2.22	+ 2.08	+ 0.51	+ 2.86
Sum overskot kr.	—	—	+ 10.82	+ 11.48	+ 13.19	+ 3.82
Pr. år og dekar »	—	—	+ 1.35	+ 1.44	+ 1.65	+ 0.48

Når vi ser på den samla avlingen i desse åra, so har 10 kg. fosforsyra som forråds-gjødsling stillt seg best økonomisk i etterverknadsåra, med eit overskot på *kr. 12.68 meire* enn der det berre er bruka vanleg vedlikehaldsgjødsling fyrste år (2,5 kg.); 7,5 kg. har gjeve kr. 9.40 og 5 kg. kr. 8.60 i overskot. Om ein legg attåt fyrste års-overskot står enno 10 kg. best.

Overskot pr. dekar og år vert:

kr. 1.65 for 10,0 kg. fosforsyra
» 1.44 » 7,5 » —
» 1.35 » 5,0 » —
» 0.48 » 15,0 » —
i samanlikning med 2,5 » — fyrste år

Eit godt økonomisk resultat av den gjevne gjødsel vert i høg grad påverka av kor stor avling gjødslinga gjev. I ovanstående er

rekna etter den samla avlingen i desse åra. Men som tidlegare omtala har det vore stor skilnad i avlingsstorleiken dei 4 fyrste og dei 4 siste åra i etterverknadstida. Det har difor interesse å sjå korleis avlingsstorleiken har innverka på lønsemda av dei ymse forråds-gjød-slingane med fosforsyra.

Samanstilling for 4 fyrste og 4 siste år.

Fosforsyra 1916	Utan fosforsyra	2,5	5,0	7,5	10,0	15,0
Sum avling 1917—20 kg.	1677	+ 110	+ 128	+ 91	+ 128	+ 112
— „ — 1921—24 „	2153	+ 251	+ 448	+ 505	+ 550	+ 416
Verd av meiravl:						
1917—20 kr.	—	4.40	5.12	3.64	5.12	4.48
1921—24 „	—	10.04	17.92	20.20	22.00	16.64
Meirverd etter forråds-gjød-slinga:						
1917—20 kr.	—	—	0.72	— 0.76	0.72	0.08
1921—24 „	—	—	7.88	10.16	11.96	6.60
Pr. år (1917—20) kr.	—	—	0.18	— 0.19	0.18	0.02
— (1921—24) „	—	—	1.97	2.54	2.99	1.65

Som det her går fram er det ikkje stor skilnad i avlingsstorleiken dei 4 fyrste etterverknadsåra for dei ulike fosforsyregjød-slingane. Men skilnaden kjem tydeleg fram i dei 4 siste etterverknadsår. I siste horisontale rubrikk — meirverd pr. år — har dei ulike forråds-gjød-slingar praktisk set ikkje gjeve større overskot enn der det fyrste året er gjeve 2,5 kg. fosforsyra. I dei 4 siste åra med større avlingar viser det seg at overskotet for forråds-gjød-slingane aukar frå kr. 1.97 pr. dekar og år for 5 kg. fosforsyra til kr. 2.99 for 10 kg., men går ned til kr. 1.65 for 15 kg. fosforsyra.

So lenge avlingane av ymse grunnar er låge, soleis som her dei fyrste åra etter dyrkinga, so har ikkje forråds-gjød-slingane havt nokon større verknad, dei har ikkje betalt seg noko betre enn 2,5 kg. fosforsyra fyrste år; og 20 kg. superfosfat (18 %) pr. dekar og år har halde avlingane å segja like høge etter dei ymse fosforsyregjød-slingar 1916. Men når avlingane aukar, som i dei 4 siste etterverknadsår, har det etter ei fyrstegongsgjød-sling med 2,5 kg. fosforsyra og seinare gjød-sling med 20 kg. superfosfat ikkje vorte nok av tilgjengeleg fosforsyra til å gje høgste avling, sjølv om det er tilført langt meire enn burtført. Best har 10 kg. fosforsyra stått i siste 4 årsbolken, men det ser ut til at 15 kg. fosforsyra har vore for sterk gjød-sling, iallfall held avlingen seg her lågere enn etter dei andre forråds-gjød-slingane. Alle gjød-slingar har lønt seg p. gr. av den sterke fosforsyretrong jorda har havt.

Lønsemda av fosforsyra i a- og b-rekkja dei fyrste etterverknadsår.

I nedanstående samanstilling er fråtrekt kostnaden av den årlege gjødslinga i etterverknadsåra, slik at dei tal som er framkomne skulde vera uttrykk for nettooverskot når ein ser burt frå dei «andre utgifter». (Allsidig gj. (b) kostar kr. 7.68 — salpeter (a) kr. 3.62.)

Overskot eller underskot (÷) i kr. pr. dekar:

Fosforsyra pr. da. 1916	2,5 kg.		5,0 kg.		7,5 kg.		10,0 kg.		15,0 kg.	
	a	b	a	b	a	b	a	b	a	b
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.
1. etterverknadsår	0.26	7.60	6.70	6.88	9.10	5.56	10.30	5.64	9.82	6.44
2. — „ —	÷ 1.86	12.16	3.08	12.60	9.90	12.24	11.42	14.80	12.86	10.92
3. — „ —	÷ 3.46	6.68	÷ 2.86	8.52	0.22	7.04	3.82	7.08	6.98	8.20
4. — „ —	÷ 3.10	14.32	÷ 1.94	13.48	÷ 0.02	15.16	2.46	13.96	7.22	15.28
5. — „ —	÷ 2.14	27.40	÷ 0.38	29.08	1.94	28.72	5.78	30.24	9.82	30.56

Der det er brukt 2,5 kg. fosforsyra 1916 har det året etter lønt seg svært godt å overgjødsle enga med alle tri gjødselslag; der det berre var gjødsle med salpeter (a), er det sovidt at avlingen har betala utlegget for salpeter. Etter 5 kg. fosforsyra 1916 har og den allsidige gjødslinga året etter lønt seg best, men og den einsidige salpetergjødslinga har lønt seg omlag like godt. Andre etterverknadsåret vert derimot skilnaden i lønsemd svært stor, og tridje året gjev salpetergjødslinga (a) tap. For mengdene 7,5 kg. og 10 kg. fosforsyra 1916 har den einsidige salpetergjødslinga stilt seg best økonomisk fyrste etterverknadsår, men i det andre året står den allsidige gjødslinga best og skilnaden vert større og større med åra. For 15 kg. fosforsyra har den einsidige gjødslinga med salpeter lønt seg best dei to fyrste etterverknadsår, frå det tridje året står allsidig gjødsling best; men det viser seg at den einsidige salpetergjødslinga har lønt seg lenge, då det her har vore mest etterverknad av fosforsyra.

Sjølv om det har vore brukt ganske store mengder fosforsyra fyrste året, so har det ganske snart lønt seg å gjødsle med fosforsyra, om det etter tidlegare gjødsling skulde vera tilført fosforsyra nok for fleire avlingar.

Lønsemda av kaligjødslinga.

Fyrste året.

Det er her rekna berre med *meiravlingen* av kaligjødslinga. Utan kaligjødslinga har som tidlegare nemnt gjeve bra avling.

	Kali pr. dekar 1916				
	2,5 kg.	5,0 kg.	7,5 kg.	10,0 kg.	15,0 kg.
Verd av meiravlingen (korn + halm)	Kr. 3.64	Kr. 4.98	Kr. 4.52	Kr. 7.04	Kr. 5.44
Kaligjødsla kostar	0.88	1.76	2.64	3.52	5.28
Overskot pr. dekar	2,76	3.22	1.88	3.52	0.16

Overskotet er ujamnt for dei ulike kalimengder. 10 kg. står best, men 5 kg. kjem nære innpå. 15 kg. har berre sovidt betalt seg. Det er ikkje fleire mengder enn 15 kg som kann kallast vera forråds-gjødsling. 10 kg. kali er ei sterk gjødsling med kali fyrste år.

Fyrste års kaligjødsling sin innverknad på lønsemda i etterverknadsåra vil gå fram av framstillinga nedanfor:

b-rekkja.

Kg. kali pr. dekar 1916	Utan kali	2,5	5,0	7,5	10,0	15,0
Sum høyavling 1916—24 ved årleg gjødsling med kali, fosforsyra og kvæve	3849	+ 541	+ 403	+ 275	+ 659	+ 253
Verd av meiravl etter kaligjødsling 1916 kr.	—	21.64	16.12	11.00	26.36	10.12
Overskot fyrste år. „	—	2.76	3.22	1.88	3.52	0.16
Sum overskot „	—	24.40	19.34	12.88	29.88	10.28
Overskot pr. år og dekar „	—	2.71	2.15	1.43	3.22	1.34

Høvet millom kalimengdene med omsyn på lønsemda i etterverknadsåra er likt å segja med fyrste året. Det er ujamne utslag for mengdene, og difor vert heller ikkje lønsemda regelbundi som t. d. for fosforsyra. Det har lønt seg å gjødsle med kali alt fyrste året sjølv om det er teke god avling utan kaligjødsling, men noko forråds-gjødsling har ikkje vore lønsamt å gje når ein i etterverknadsåra har gjødsla med 20 kg. kalisalt pr. da. (8 kg. kali). Ei kaligrunn-gjødsling må ikkje vera sterkare enn at *ho løner seg godt fyrste året*, og kor sterk denne bør vera, avheng millom anna av myrjorda sitt kaliforråd. I tilfellet her, har 2,5 kg. og 10 kg. kali stillt seg best økonomisk, medan 5 og 7,5 kg. kali har gjeve noko mindre overskot, noko som sjølv-sagt er av tilfeldige orsaker.

Lønsemda av kaliet i a- og b-rekkja dei fyrste etterverknadsåra.

Ved denne utrekninga er gått fram på same vis som ved utrekninga for fosforsyra. Det er rekna med heile avlingen, då det er høvet millom lønsemda for a og b som har mest interesse ved denne samanstillinga.

Overskot i kr. pr. da.:

Kali pr. dekar 1916	2,5 kg.		5,0 kg.		7,5 kg.		10,0 kg.		15,0 kg.	
	a	b	a	b	a	b	a	b	a	b
	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.	Kr.
1. etterverknadsår	6.86	7.36	7.70	7.24	9.10	6.12	10.30	5.64	11.70	5.36
2. —, —	7.90	11.56	9.50	10.72	10.10	10.88	11.42	14.80	12.10	10.56
3. —, —	2.74	9.60	2.68	8.28	3.70	6.24	3.82	7.08	4.68	6.96
4. —, —	2.42	16.24	1.62	14.88	2.50	14.08	2.46	13.96	2.66	13.80
5. —, —	3.06	28.76	2.94	27.56	4.38	26.04	5.78	30.24	6.94	27.36

TRØNDELAG MYRSELSKAPS MYRUNDEKSØKELSER i 1932.

BESKRIVELSE AV STRØMDALSMYRENE, BELIGGENDE I STRØMS- DALEN I HITRA HERRED.

MYRENE er kartlagt og grunnundersøkt av Trøndelagens Myrsekskap i juli 1932. Prøver av jorden er likeledes tatt og disse er innsendt til kjemisk undersøkelse.

Det felt som er kartlagt, strekker sig fra Rørtjern til Rundhaugen i nord—sydretningen ca. 3 km. samt en myr vestenfor Rørtjern, fra Storkroken til henimot Gammelsagvatn, ca. 700 meter, og feltets areal er 2678 da., hvorav 1197 da. er myr.

Feltet ligger lunt til i dalen mellom Elsfjellet i vest og indre Tverrfjellet i øst og består av furuskog og myr hvorpå delvis store, meget spredte trær. Midt gjennom feltet rinner Strømdalselven som har en midlere bredde av ca. 5 meter.

Den nordligste ende av feltet ligger ca. 2 km. fra bygdeveien i Strømfjorden.

Høiden på feltet strekker sig fra 36,0 m. o. h. i den nordligste del til 127 m. o. h. i den sydligste del.